



ALVER
KOMMUNE

Plan for
Friluftslivets ferdselsårer
2022–2026





ALVER
KOMMUNE

Utgivar:

Alver kommune

Design:

Reklamehuset, Knarvik

Alver i tal

2022

29.090
INNBYGJARAR

679
AREAL (KM2)

957
HØGASTE TOPP
SØRDALSNOTEN

ca. 180
KM SKILTA
TURSTIAR/- VEGAR



På veg til Staurevarden. Foto: Ane Bysheim



Innhold

1. Innleiing.....	4
1.1 Bakgrunn.....	4
1.2 Mål for planen.....	5
1.3 Avgrensing.....	6
1.4 Oppbygging av planen	7
1.5 Metode	7
1.6 Nasjonale, regionale og lokale føringar og kunnskapsgrunnlag	18
2 Sti- og løypearbeidet i Alver kommune	8
2.1 Status.....	8
2.2 Kommunen si rolle.....	8
2.3 Bergen og omland friluftsråd	9
2.4 Turlag og andre frivillige lag	9
2.5 Grunneigarar.....	9
3 Status på eksisterande sti- og løypenett.....	10
3.1 Ferdselsårer kring skulestader	10
3.2 Ferdselsårer med regional verdi/potensiale	29
4 No-status vs. resultatmål	36
4.1 Ferdselsårer kring skulestader	36
4.2 Ferdselsårer med regional verdi/potensiale	37
5 Tiltaksplan.....	39
5.1 Korleis skal planen følgjast opp?	39
5.2 Generelle tiltak	39
5.3 Større einskildtiltak	41

1

Innleiing



1.1 Bakgrunn

Alver kommune har flotte og varierte friluftsområde med alt frå kystnære stiar, turar i skogsterreng og fjellandskap. Dei siste åra ser me ei markant auke i talet på turgåarar og gjennomførte turar, og kombinert med eit våtare klima har dette ført til stor slitasje på stiane mange stader. Fleire turgåarar fører til større behov for tilrettelegging. Mange turgåarar gjer det også viktig å kanalisera ein del av ferdsele til dei stiane som toler høg bruksfrekvens. Kombinasjonen av auka bruk, større slitasje og manglande kunnskap og oversikt over stiane i kommunen har utløynt eit behov for å kartleggja status og behov for tiltak på sti- og løypenettet i kommunen.

I regjeringa sin Handlingsplan for friluftsliv frå 2018 initierer regjeringa eit fleirårig prosjekt – Friluftslivets ferdselsårer – som har som mål å fremja planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av turstiar. Det vart utarbeida ein rettleiar for planarbeidet, M1292-2019 Plan for friluftslivets ferdselsårer.

Plan for friluftslivets ferdselsårer i Alver kommune er forankra i Anleggsstrategi for Alver kommune 2021–2023. Planstrategien slår fast at Plan for friluftslivets ferdselsårer skal ha status som temaplan.

Definisjonar

Friluftsliv vert definert som opphald og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturopplevingar. Det er i tråd med definisjonen som vert lagt til grunn i Stortingsmelding 18 (2015-16) *Friluftsliv — Natur som kilde til helse og livskvalitet*.

Ferdselsårer: Ferdselsårer er traséar for ferdsel som er synlege i terrenget i den sesongen som er aktuell for bruk, og leier for ferdsel på vatn og over brear.

Ulike typar ferdselsårer:

- **Sti** er eit tydeleg, smalt og samanhengande trakk i terrenget som har oppstått gjennom bruk eller aktiv tilrettelegging.
- **Turveg** er ein opparbeida og samanhengande ferdselsåre med jamt og fast toppdekke i minst 1,2 m bredde.
- **Lei** er ferdselsårer på vatn og over brear.
- **Løyper** er ferdselsårer på snødekt mark som jamleg vert trakka eller preparerte, eller som vert merka eller kvista som traséar for vinterferdsel.

Turruter er skilta, merka og kartfesta traséar for ferdsel i den sesongen som er aktuell for bruk. Det vert skild mellom fleire typar turruter, sjå Merkehåndboka. no for meir informasjon.

Turforslag er ein anbefalt tur. Turforslag er ikkje ein del av de offentlege kartgrunnlaget. Turforslag vert formidla bl.a. på ulike turportalar, informasjonsbrosjyrar, turkort og gjennom munnleg overlevering.

Målpunkt: Målpunkt er både stader der det er naturleg å starta og avslutta bruken av ferdselsårene og attraksjonar/ stader som motiverer til bruk av dei. Døme på slike stader er parkeringsplassar, benkar, gapahukar, utsiktspunkt, kulturminne, osv.

Kjelde: Veileder M-1292/2019 Plan for friluftslivets ferdselsårer.

1.2 Mål for planen

Effektmål

Planen skal bidra til:

1. Oppdatert kunnskapsgrunnlag om friluftslivets ferdselsårer i kommunen

Eit kunnskapsgrunnlag med oppdatert informasjon om friluftslivets ferdselsårer gjer at det vert lettare til å ta omsyn til friluftslivsinteresser i samband med byggesaker og arealplanlegging. Informasjon om ferdselsårene og bruken av desse vil også vera eit grunnlag til å velja strategiar og prioritera tiltak i arbeidet med friluftslivets ferdselsårer. Eit kunnskapsgrunnlag må foreslå tiltak for å sikra mykje brukte turstiar mot slitasje som følgje av høg bruksfrekvens og auka nedbørsmengd, og avdekka potensielle og reelle konflikhtar med t.d. beitedyr, skogbruk, hundehald og viktige naturverdiar og foreslå løysingar for dette.

2. Betre tilrettelegging og meir bruk av nærturar

Erfaring og forskning viser at folk er vesentleg meir aktive i friluftsliv dersom dei har tilgang til turstiar innan om lag 500 meter frå der dei bur. At folk går på tur i nærområdet framfor å køyra bil til turmål lengre unna er også bra for miljøet. Attraktive ferdselsårer og turmål gjer bustadområde meir attraktive og kan auka bulyst. Fleire universelt tilrettelagde ferdselsårer og friluftsområde bidrar til at alle kan koma seg ut på tur nærare der dei bur.

3. Betre tilrettelegging av turstiar og -veggar av regional verdi og interesse

Alver kommune har eit flott og variert turterreng med alt frå kystnære stiar med havet som næraste nabo til nærast urørte fjellområde med toppar opp mot 1000 meter. Ein del av desse er turar med kvalitetar som gjer at dei har regional verdi og interesse. Regional verdi vert her definert som at eit klårt fleirtal av brukarane ikkje bur i lokalområdet, men har køyreavstand til startpunktet for turen. I tillegg er det eit kriterium at turstiane har hatt svært høg bruksfrekvens over fleire år, altså ikkje berre som eit resultat av plassering av stolpar i Stolpejakten eller liknande. Dei turane som er vurderte til å ha regional interesse har per i dag ikkje så høg bruksfrekvens, men er turar med svært store natur- og/eller kulturkvalitetar. Betre tilrettelegging av desse turområda kan gjera dei til meir attraktive besøksmål for turistar, men òg for våre eigne innbyggjarar.

4. Betre marknadsføring av og kjennskap til friluftslivets ferdselsårer i kommunen

Betre marknadsføring er en nøkkel til å få folk ut på tur og til å gjera turstiar og turveggar kjende. Det er viktig at marknadsføringa er tilpassa tolegrensa for dei einskilde ferdselsårene og områda. Vakker natur og friluftslivområde er attraktivt for svært mange. Lett tilgjengeleg informasjon om turmoglegheiter og marknadsføring av friluftslivet kan også gjera kommunen meir synleg og bidra til ny busetting og rekruttering av tiltrengt arbeidskraft

5. Betre nettverk og godt samarbeid mellom aktørar som arbeider med friluftslivets ferdselsårer i kommunen

Det er mange aktørar som jobbar for å fremja friluftslivet i Alver kommune. Dette gjeld mellom anna i samband med planarbeid og sakshandsaming i kommunen, tildeling av tilskot til friluftslivsprosjekt, fysisk tilrettelegging av turstiar utført av frivillige organisasjonar og privatpersonar, og organiserte turar og friluftslivsaktivitetar. Det er ynskjeleg å få etablert faste møtepunkt og betre informasjonsflyt mellom dei ulike aktørane.

Resultatmål

- Alle turstiar og -veggar innanfor ein radius frå 1 km i luftline frå alle offentlege grunnskular og alle turstiar som vert vurdert som regionalt viktige er kartlagde.
- Det er minst éin tursti innanfor ein radius på 500 meter frå alle kommune-, lokal- og nærsenter og alle skulestader i kommunen.
- Dei viktigaste stiane kring skulestader og regionalt viktige ferdselsårer har god tilrettelegging og jamleg vedlikehald.
- Det er informasjonstavler som viser alle aktuelle ferdselsårer sentralt plassert i alle senter og/eller ved grunnskulane i kommunen og ved startpunktet for alle regionalt viktige ferdselsårer.
- Dei viktigaste ferdselsårene er skilta og merka etter nasjonal standard. For turar som ligg nær senter eller skular, startar skiltinga der.

- Det er tilrettelagde målpunkt som t.d. gapahukar, klatreløyper etc. i tilknytning til minst éi ferdselsåre ved alle skulestader.
- Det er attraktive og vedlikehaldne målpunkt på alle regionalt viktige turmål.
- Det er universelt utforma turveggar i tilknytning til kommunesenteret og alle lokalsentra i kommunen.
- Det er tilgjengelege og skilta parkeringsplassar for turgåarar i kommune-, nær- og lokalsenter, ved alle skulestader og ved startpunktet for regionalt viktige turområde.
- Informasjon om dei kartlagde ferdselsårene er lett tilgjengeleg. Marknadsføring av dei einskilde turstiane er tilpassa graden av tilrettelegging. Ferdselsårer med regional verdi eller potensiale er marknadsført på ut.no og andre turportalar.

1.3 Avgrensing

Turstiar og andre ferdselsårer for friluftslivet finn ein nesten overalt i kommunen. Nokre er utan tilrettelegging og vert brukt sporadisk av nokre få, medan andre er tett på der folk bur og har høg bruksfrekvens, stor slitasje og høg grad av tilrettelegging. På bakgrunn av det store omfanget av ferdselsårer i kommunen har det vore naudsynt å gjera avgrensingar på kva ferdselsårer som skal kartleggjast i samband med planarbeidet og kva ferdselsårer planen skal omhandla.

Det er ynskjeleg å få med dei stiane og turvegane som har høgast bruksfrekvens og størst tilretteleggingsbehov. Planarbeidet har difor vore avgrensa til å omhandla stiar kring skulestader, og i tillegg turstiar med regional verdi eller potensiale.

Skulane ligg på svært ulike stader. Nokre skular ligg i område med tett busetnad, medan andre skular ligg eit stykke unna sentrum eller i grigrendte delar av kommunen med nokså låg befolkningstettleik. Som eit utgangspunktet er turstiar og turveggar med startpunkt innanfor ein radius på om lag éin kilometer i luftline frå skulane tatt med i kartlegginga, men det er i særskilte høve gjort lokale tilpassingar for å få med turstiar som er svært mykje nytta der startpunktet ligg rett over 1 kilometer frå skulen. Dette gjeld t.d. Kolåsfjellet på Lindås og Eidaåsen på Ostereidet. Stiar som er svært lite nytta og som har lite eller ingen tilrettelegging er ikkje tatt med jamvel om startpunktet er nærare skular enn 1 kilometer.

Det er både ynskjeleg og naudsynt med meir kunnskap også om ferdselsårer på vatn og på sjø. Desse ferdselsårene er likevel ikkje tatt med i denne planen då dette hadde vorte for omfattande. Det bør i staden lagast ein eigen plan for ferdselsårer til sjøs og på vatn. Det vil hausten 2022 vera mogleg å søkja Vestland fylkeskommune om tilskot til kartlegging av ro- og padleruter. Det er naturleg at ei slik kartlegging kan danna grunnlaget for ein plan for ro- og padleruter.

Ved å avgrensa kartlegginga til å omfatta alle turstiar og turveggar som startar 1 kilometer eller mindre frå skulane og ferdselsårer med regional verdi eller potensiale får ein kartlagd dei ferdselsårene med størst bruksfrekvens og størst tilretteleggingsbehov. Totalt bur kring 19 000 personar eller om lag 65 % av innbyggjarane i Alver kommune 500 meter eller mindre frå ein av desse ferdselsårene, medan nesten 25 000 personar eller kring 84 % bur mindre enn 1 km frå ein av dei kartlagde stiane.

Som ein del av arbeidet med grøn mobilitet i Alver kommune skal det utarbeidast ein gåstrategi. Fokus i gåstrategien er å leggja til rette for nærturar, snarveggar, og samanheng mellom bustadmiljø. I gåstrategien skal det mellom anna lagast ei oversikt over snarvegane som allereie finst i tettstadane og bygdene i kommunen. I tillegg skal ein undersøka om det er tiltak som kan gjerast for å få fleire til gå heller enn å ta bilen.

Gåstrategien og Plan for friluftslivets ferdselsårer handlar begge om å fremja og leggja til rette for ferdsel til fots, og avgrensinga mellom desse planane er såleis viktig. Plan for friluftslivets ferdselsårer skal leggja til rette for friluftsliv og rekreasjon, og omhandlar turstiar og ferdselsårer som har dette som viktigaste føremål. Difor er ikkje gangveggar, fortau, snarveggar i og mellom bustadområde med i denne planen. Desse temaa vert omhandla i gåstrategien.

Det er brei semje om at ein bør ha eit felles nasjonalt system for tilrettelegging og synleggjering av turruter, og at Merkehåndboka skal fylla denne funksjonen. Sjå <https://www.merkehandboka.no/>.

1.4 Oppbygging av planen

Plan for friluftslivets ferdselsårer består av ein tekstdel (kapittel 1 og 2), status og behov for dei kartlagde ferdselsårene (kapittel 3), analyse av status sett opp mot resultatmåla (kapittel 4) og ein tiltaksdel (kapittel 5). Tiltaksdelen har ein del generelle tiltak (5.2) og nokre større tiltak knytt til einskilte ferdselsårer.

Kart og liste over dei dei kartlagde ferdselsårene ligg ved planen.

Eit av tiltaka i handlingsdelen er at ein skal forsetja kartlegginga av friluftslivets ferdselsårer i resten av kommunen. Alle ferdselsårer og målpunkt vil verta lagt ut på <https://www.nordhordlandskart.no/apps/map/alverturogfriluft> etterkvart som dei er kartlagde. Ferdselsårene som er kartlagde i samband med planarbeidet er lagt ut.

1.5 Metode

Prosess

Planarbeidet har følgd Miljødirektoratet sin rettleiar M-1292 2019 Plan for friluftslivets ferdselsårer. I tråd med denne rettleiaren er prosessen gjennomført i fire steg:

1. Oppstart (forankring, prosjektplan og annonsering)
2. Kartlegging av no-status
3. Analysera og vurderer tiltak
4. Samanstilling og vedtak

Organisering

Planarbeidet har blitt gjennomført av ei tverrfagleg prosjektgruppe som har bestått av Bente Kopperdal Hervik (rådgjevar kultur, prosjektleiar), Anders Olav Dale (rådgjevar idrett), Alexander Helle (rådgjevar, plan og analyse), Kaia Marie Amland (rådgjevar, plan og analyse) og Laila Bjørge (avdelingsleiar landbruk). Prosjekteigar er tenesteleiar kultur Eirik B. Utne medan Ørjan Raknes Forthun, Martin Kullid og Jarle Landås er administrativ styringsgruppe.

Kartlegging og registrering

Prosjektgruppa har gjennomført synfaringar i alle dei kartlagde områda. I tillegg har turbøker, turkart, turportalar som ut.no, lokale og nasjonale kartportalar (turrutedatabasen (TFR) og datasetta for traktorveg og skogsbilveg), Bergen og Hordaland turlag si kartlegging av universell tilgjengelegheit (ikkje publisert), Strava heatmap, barnetråkk, konsekvensanalysar, rapportar og kunnskapsgrunnlag som er utarbeida i samband med planarbeid vore nytta som kjelder. Alle stiar og turveggar med startpunkt innanfor om lag éin km i luftline frå skulane som anten er registrerte turruter (TFR), skilta og merka eller mykje nytta er registrerte. I tillegg er målpunkt som er relevante for måloppnåing og for ferdselsårene registrerte. Alver kommune har fått utvikla eit eige forvaltningssystem for turstiar i Nordhordlandskart som har vore nytta i kartlegginga. I dette forvaltningssystemet kan ein leggja inn alle turstiar, målpunkt (tilrettelegging), grunneigaravtalar, vedlikehaldsavtalar og føreslåtte/naudsynte tiltak på den einskilte sti. Frå dette forvaltningssystemet har me eksportert data til ISY Winmap, som har vore nytta i steg 3 (analyse og vurdering av tiltak).

Medverknad

Kartlegging av turstiar er gjort av arbeidsgruppa i samarbeid med og i dialog med lokalkjende personar. Etter at kartlegginga var gjennomført er kart over ferdselsårer og målpunkt sendt ut til skular og barnehagar innanfor dei kartlagde områda. I tillegg er lokalkjende personar innanfor kvart område kontakta og bedne om å kvalitetssikra kartlegginga.

Grunna koronarestriksjonar var det ikkje mogleg å samla ei referansegruppe i den perioden då det var aktuelt. I staden har prosjektgruppa hatt kontakt med ulike frilufsorganisasjonar og ulike fagavdelingar i kommunen ved behov for innspel. Det er også gjennomført eit møte med styret i Nordhordland turlag .

Planen vart lagt ut på høyring av Utval for oppvekst, kunnskap og kultur i møte 31. mai 2022 med høyringsfrist 31. august.

1.6 Nasjonale, regionale og lokale føringar og kunnskapsgrunnlag

Stortingsmelding nr 18 (2015–2016): Friluftsliv. Natur som kilde til helse og livskvalitet

Gjennom *Stortingsmelding 18 (2015–2016): Friluftsliv. Natur som kilde til helse og livskvalitet* vil regjeringa bidra til at enda fleire driv med friluftsliv og får oppleve friluftsliv som en kjelde til betre helse og høgare livskvalitet.

Stortingsmeldinga presenterer to overordna mål for friluftslivspolitikken:

1. Friluftslivet sin posisjon skal takast vare på og vidareutviklast gjennom allemannsretten, bevaring og tilrettelegging av viktige friluftslivsområde, og stimulering til auka friluftslivsaktivitet for alle.
2. Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetsområde for born.

Regjeringa sin Handlingsplan for friluftsliv

Som ei oppfølging av Stortingsmeldinga vedtok regjeringa i 2018 Handlingsplan for friluftsliv. Natur som kilde til helse og livskvalitet i 2018. Handlingsplanen konkretiserer og utfyller ei rekkje av tiltaka og føringane i stortingsmeldinga. Handlingsplanen inneheld mange tiltak og føringar som skal styrka friluftslivsarbeidet. Eitt av desse tiltaka er prosjektet friluftslivets ferdselsårer.

Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv i Vestland

Arbeidet med Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023–2035 i Vestland er i gang. Fram til denne er ferdig er det Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025 som gjeld. Visjonen for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i denne planen er «Aktiv Kvar Dag». Målet er at alle skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.

Planen har to overordna mål for friluftslivspolitikken:

1. Fleire skal delta i friluftsliv på jamn og varig basis, med særleg fokus på barn og ungdom.
2. Sikre og legge til rette fleire og betre anlegg for friluftsliv. Alle tettstader og byar skal ha maksimalt 500 meter til næraste turløype.

Samfunnsdelen i Alver kommune sin kommuneplan

Samfunnsdelen i kommuneplanen stakar ut retninga for utviklinga av kommunen, og dette skal følgjast opp med tiltak i kommunedelplanar og temaplanar. Kommuneplanen til Alver kommune er tufta på FN sine mål om berekraftig utvikling.

Samfunnsdelen i kommuneplanen har fire hovudmål. Eit av hovudmåla at Alver skal ha eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga. Ei av målsetjingane under dette hovudmålet er at innbyggjarane og besøkande i Alver skal nytta naturen til fritid og rekreasjon. Samfunnsplanen seier at dette skal me oppnå ved å sikra sikre at innbyggjarar har tilgang til og kan bruka fjellet, skogen og sjøen og ved å leggja til rette for nærturar og aktivitetar der folk bur, og gje god informasjon om tilbodet. Friluftsliv er også relevant under fleire av dei andre hovudmåla – mellom anna for å skapa attraktive senter og lokalsamfunn og for reiselivet.

Målsetjingane i *Plan for friluftslivets ferdselsårer* er tufta på målsetjingane i samfunnsdelen i kommuneplanen.

Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv

Alver kommune har starta planprosessen for kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Planprogrammet vart vedtatt 7. april. Planen skal følgja opp målsetjingane i samfunnsdelen innan kultur-, idrett- og friluftslivsfeltet.

2

Sti- og løypearbeidet i Alver kommune



2.1 Status

Både Radøy, Lindås og Meland kommunar hadde ei satsing på friluftsliv i dei siste åra før kommunesamanslåinga. Alle dei tre kommunane gjennomførte mellom anna ei kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde i kommunen. Kommunane var også aktive i turskiltprosjektet, der ein med midlar frå Gjensidigestiftelsen og i samarbeid med lag og organisasjonar merka, skilta og graderte turstiar over heile kommunen etter nasjonal standard. Det er også gjort ei rekkje andre tilretteleggingstiltak på stiar i kommunen. Arbeidet er i all hovudsak utført av frivillige, men kommunen har i ein del tilfelle gjeve tilskot eller kjøpt inn material.



Kløyheim bygdelag har gjort ein stor jobb med å merka og skilta turstiane i bygda etter nasjonal standard.

Framleis er det mange stiar som manglar god nok skilting og merking, som treng meir tilrettelegging både i form av klopper, gjerdeklyv og parkeringsmoglegheiter og der ein manglar avtalar med avtalar med grunneigarar og vedlikehaldsavtalar for stiane. Kommunen får også ein del tilbakemeldingar om at turmoglegheitene i kommunen ikkje er godt nok marknadsført.

2.2 Kommunen si rolle

Kommunen er eitt av dei organa som i friluftslova har fått tildelt oppgåver, ansvar og mynde, mellom anna til å regulera ferdsel eller forby ferdsel i visse område, gje uttale i tvilsspørsmål om allemannsretten og krevja fjerning av stengsel. Friluftslova pålegg også kommunane eit generelt ansvar for å fremja ålmenta sine friluftslivsinteresser og for å fremja friluftsføremål innan sitt område.

Kommunen har dialog og samarbeid med grunneigarar, tilretteleggjarar og turgåarar for å finna gode løysingar og unngå potensielle konflikhtar. Ofte kan t.d. omlegging av stiar, tilrettelegging av stiar med gjerdeklyver eller grunder eller skilting om dyr på beite bidra til gode løysingar for alle partar.

Friluftslova § 35 gjev kommunen heimel til å merka, varda, kloppa og iverksetja andre mindre tiltak for å letta ferdselen i utmark. Kommunen kan også gje organisasjonar som har som føremål å fremja reise- og/eller friluftsliv rett til å varda og merka bestemte ruter og turstiar i utmark. Sjølv om dette kan utførast utan løyve frå grunneigar, skal grunneigar og/eller brukar alltid varslast før tiltaket vert sett i verk. Før kommunen gjer vedtak etter § 35 skal det gjennomførast forhandlingar mellom grunneigar og tiltakshavar.

Oppgåva med å drifta stiar og løypenett er normalt ikkje ei oppgåve som kommunen gjer, men kommunen vil i mange tilfelle bidra med tilskot, rettleiing og koordinering mellom ulike aktørar. I heilt spesielle tilfelle kan kommunen gå inn å ta ansvar for opparbeiding, tilrettelegging og drift. Dette gjeld i Alver kommune stort sett berre for turveggar med grad av høg tilrettelegging.

2.3 Bergen og omland friluftsråd

Bergen og omland friluftsråd (BOF) er eit interkommunalt samarbeidsorgan med 12 deltakarkommunar i Bergensregionen, mellom anna Alver kommune. Friluftsrådet har mellom anna ansvar for å etablera nye friluftsområde, leggja dei til rette og halda dei ved like slik at dei er tilgjengelege for ålmenta. Ferdselsårer som ligg innanfor dei områda BOF drifrar vert i all hovudsak vedlikehaldne av dei.

2.4 Turlag og andre frivillige lag

Nordhordland turlag, som er lokallag av Den norske turistforening (DNT), og ei rekkje andre frivillige lag i kommunen har tatt på seg å etablera, vedlikehalda og drifra ei rekkje turstiar og andre friluftslivsrelaterede anlegg.

Ein del av laga har forplikta seg til å ta på seg drift og vedlikehald gjennom ein vedlikehaldsavtale for ein skilde stiar og turområde, men svært mange av stiane vert vedlikehaldne utan at det ligg føre formaliserte vedlikehaldsavtalar, og sporadisk ved behov.

Ein del turstiar vert vedlikehalde av privatpersonar.



Stien frå Dyrkolbotn til Sjørdalsnuten er ein av stiane som er varda og merka av Nordhordland turlag, her representert ved Atle Bondevik. Foto: Ingunn Gjerde, Alver kommune

2.5 Grunneigararar

Som ein hovudregel er samtykke frå grunneigar naudsynt i alle tilfella der aktivitetar fell utanfor allemannsretten, og grunneigarar er med det ein svært sentral aktør i planlegging, tilrettelegging og utvikling av sti- og løypenettet. Grunneigarar må gje løyve dersom ein ynskjer leggja til rette for ålmenta ved t.d. å byggja klopper eller bruer, setta opp gjerdeklyv, benkar eller turpostkassar eller hogga friske tre. Det er også naudsynt med løyve frå grunneigarar dersom ein ynskjer å arrangera idrettsstemne eller andre aktivitetar med mange deltakarar og tilskodarar. Det er viktig at tiltakshavar går i dialog med grunneigarar så tidleg som mogleg i alle prosessar der løyve frå grunneigarar er naudsynt. Dette gjeld òg der det offentlege er grunneigarar.





3

Status på eksisterande
sti- og løypenett



Dette kapitelet gjer ei oversikt over alle turstiar, -løyper og vegar som er kartlagde i samband med planarbeidet. Kapittel 3.1 skildrar status og behov for tiltak på eksisterande turstiar, -løyper og -vegar med startpunkt innanfor ein radius på éin kilometer i luftline frå grunnskulane i kommunen. Nokre stader er det tatt med stiar som startar noko lenger frå skulen for å få med stiar som ligg i områda med høgast befolkningstettleik og bruksfrekvens. Stiar som er lite nytta er ikkje tatt med. I kapittel 3.2 er dei turstiane kommunen meiner har regional verdi og/eller potensiale skildra.

Alle ferdselsårer som er tatt med er ferdselsårer kommunen vurderer til å vera omfatta av allemannsretten. Det vil seia stiar og andre ferdselsårer i utmark, eller på stiar eller vegar som fører til utmark.

Vurdering av kva som er utmark er gjort med utgangspunkt i Gårdskart (<https://gardskart.nibio.no/search>).

Område der det ligg føre avtalar med grunneigar om tilrettelegging av turstiar er også tatt med jamvel om det er stiar som går over innmark. Offentlege turvegar er også tatt med. Gangvegar og snarvegar i tettstader er ikkje kartlagde, men vert omhandla i gåstrategien. Feltet Behov for tilrettelegging skildrar kva som bør gjerast for å få standarden på dei einskilde ferdselsårene opp på ynskt nivå.

Om tiltaka skal gjennomførast er ein avhengig av dialog med grunneigar, at nokon ynskjer å ta på seg arbeidet med tilrettelegging og vedlikehald og finansiering av tiltaket.

Merk at i oversikta nedanfor kan fleire ferdselsårer vera slått saman under eitt rutenamn dersom dei ligg innanfor same turområde. Nummera i parentes under rutenamn viser til nummer i den vedlagte oversikta over kartlagde stiar. I vedlegget er ferdselsårene delte opp, og det er tatt med meir detaljert informasjon om kvar ferdselsåre.

GRADERING AV STIAR:

Grøn = enkel. Stort sett korte og enkle turar som passer for alle, utan krav til spesielle ferdigheiter eller utstyr.

Blå = middels. Turar som passar for dei med grunnleggande turferdigheiter og som er i normal fysisk form.

Raud = krevjande. Turar for erfarne turgårar, med god kondisjon. Turar krev ofte gode tursko og anna turutstyr.

Svart = ekstra krevjande. Turar som passar for erfarne fjellfolk, med god fysikk og kondisjon. Godt turutstyr og god kunnskap om kart og kompass.

Kjelde: Merkehandboka (www.merkehandboka.no).



3.1 Ferdselsårer kring skulestader

Bøvågen (Hordabø skule)

Nærsenteret Bøvågen, med mellom anna barneskule, barnehage, butikk og fleire verksemder, ligg nord på Radøy. Det er fleire bustadfelt kring Bøvågen, men elles spreidd busetnad. Området er sjønært og med flotte naturområde, mellom anna på Bønaset. Området kring Bøvågen er særleg godt eigna for padling.

Området utover Bønaset ser ut til å vera svært lite nytta då det ikkje er synleg sti delar av turen. Dei fleste nærturar går i Bømarkane med utgangspunkt i Hordabø idrettspark, eller på asfaltert veg til Listveiten og derifrå i retning mot Bømarkane. Mange går også langs fylkesvegen mot Fløholmen og vidare ut til friluftsområdet Byngja (sjå under turstiar med regional verdi/potensiale). Ingen av dei etablerte turstiane startar innanfor 500 meter frå nærsenteret.

Karta det vert vist til i tekst og tabellar i dette kapitlet er vedlegg til denne planen.

Sjå kart 1.

Rutenamn/gradering	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Bømarkane (036,039, 309)	Skogsti med start- og sluttspunkt på Hordabø idrettspark. Mange kombinerer turen med Listveiten-Bømarkane får å få ein rundtur. Turen går då mykje på asfalt.	Parkering Klopper Skilting Merking Turpostkasse	Fleire klopper på våte parti. Skulen ynskjer gapahuk i området. Sti mellom Bø og Bømarkane. Restaurering av stiar etter skoghogst.	Skriftleg avtale med dei fleste grunneigarar.	Munnleg avtale med Hordabø IL. Radøy friluft har sett ut turpostkassen.
Listveiten-Bømarkane (043)	Turen går delvis på skogsveg og delvis på sti. Turen vert gjerne kombinert med Bømarkane og vidare langs fv. 565 til Hordabø idrettspark og Bøvågen.	Ingen	Manglar skilting. Turen bør ikkje marknadsførast anna enn lokalt.	Nei	Nei
Bønaset (262)	Tur gjennom flott utmarksterrang med utsikt til sjøen heile vegen. Viktig beiteområde for villsau.	Ingen. Parkering ved Hordabø skule og Bø barnehage.	Tydeleg sti manglar delar av turen. Ein del våte område. Manglar skilting og merking. Om stien skal leggjast til rette for meir bruk må det setjast opp skilt om dyr på beite og bandtvang.	Nei	Nei

Austebygd

Austebygd er ein liten skulekrins på austsida av Radøy. Busetnaden ligg spreidd langs fv. 565, men med nokre mindre bustadfelt t.d. på Stølane og Renen. På Gjerde ligg Austbygd skule og Austebygd barnehage, medan Samfunnshuset Skogen Sletta og fotballbana ligg i utkanten av skulekrinsen langs Hellandsvegen.

Det er ei rekkje turstiar i bygda og ikkje minst er stiane mot Lometjørna mykje nytta. Grunna bygging av ny fv. 565 vart fleire av stiane mot Lometjørna stengde frå august 2021. Ein del av dei vil verta lagt ned, medan den mest brukte traseen mot Lometjørna vert tilgjengeleg gjennom ein kulvert når vegen er ferdig.

Sjå kart 2.

Rutenamn/ gradering	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Avtale med grunneigarar	Vedlikehald
Lometjørna rundt (016, 054, 055, 274, 267, 342 + 44 når vegen opnar)	Skogstur med tilkomst frå Gjerde, Mellingen, Skogen Sletta, skytebana og Sætre. Grunna bygging av ny fv. 565 er det i dag berre tilkomst frå skytebana og Sætre. Stien vil få tilkomst frå Gjerde via kulvert når vegen er ferdig og vil då henga saman med området Gjerde-Hoklet-Mellingen-Skogen Sletta (sjå neste rad).	Parkering. Delvis skilta og merka. Benk på Storufsen og ved Lometjørna. Enkel gapahuk på Storufshøyen. Turpostkasse ved Lometjørna og Storufshøyen.	Skilting og merking. Klopper på våte parti.	Sætre-Lometjørna: Skriftleg avtale med dei fleste grunneigarar. Sletta-Lometjørna: ikkje skriftlege avtalar.	Vedlikehaldsavtale med Sætre grendalag for turen frå Sætre og rundt Lometjørna. Andre materuter har ikkje formalisert vedlikehaldsavtale.
Gjerde-Hoklet-Mellingen-Skogen Sletta (045, 046, 051, 272)	Turen på gamle skogsveggar vest for Vestevatnet.	Parkering ved skulen.	Manglar skilting og merking. Bør ikkje marknadsførast anna enn lokalt.	Nei. Munnleg avtale med nokre grunneigarar.	Nei
Lindåsen rundt (047)	Turen går på skogsveg/traktorveg heile vegen. Avstikkar til utsiktspunkt på Lindåsen.	Grusveg	Manglar skilting. Utsiktsrydding på Lindåsen. Bør ikkje marknadsførast anna enn lokalt då det manglar parkering.	Nei	Nei
Ørnetua (048)	Tur på skogsveg nesten heilt fram til Ørnetua. Sti dei siste metrane.	Grusveg. Benk på Ørnetua.	Ingen. Bør ikkje marknadsførast anna enn lokalt då det manglar parkering.	Nei	Nei

Manger

Manger var tidlegare kommunesenter i Radøy kommune og er i dag den største tettstaden på Radøy og lokalsenter i Alver kommune. Manger har barneskule, ungdomsskule, barnehage, folkehøgskule og ei rekkje kommunale tenester. Manger er nokså tett busett med fleire større bustadfelt.

Den grusa turvegen på Manger er truleg den turløypa som er mest nytta. I tillegg er ferdselsårene mot Skageneset og Nøttveitveten og Morkefjellet svært mykje nytta. Både Nesvatnet og sjøen er lett tilgjengeleg frå Manger, men det er ynskje om meir tilrettelegging for padlarar.

Sjå kart 3.

Rutenamn/ gradering	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Mangerløypa (040)	Grusa turveg på Manger.	Parkering Grusveg Benkar Toalett Gapahuk Baderampe Ulike aktivitetsanlegg	Skilt og informasjonstavle.	Ja	Alver kommune
Skageneset (004, 341)	Turen følgjer markaveg (den gamle byggdevegen over Radøy) nesten til Birkelandsvågen og går deretter over på sti mot Skageneset og attende til Urhaugen. Mellom Manger og Birkeland er det i periodar storfe på beite. Tilkomst også frå Birkelandsvågen.	Gjerdeklyv. Klopper og bru. Delvis skilta. Benkar. Grillhytte og bade plass i Skageneset.	Skilt til tuområdet frå Manger sentrum. Skilt på parkeringsplass. Fleire klopper på våte parti, og evt. andre tiltak for å gjera vegen tørrare.	Skriftleg avtale med dei fleste grunneigarane.	Tilsynsavtale med Skagenesets venner, men organisasjonen er ikkje aktiv. BOF har sett opp skilt og har ansvar for vedlikehald av friluftsområdet.
Solendfjellet-Nøttveitveten-Morkefjellet (007, 008, 026, 027, 028, 229, 260)	Området var i 2000 kåra til tusenårsstad i Radøy kommune på grunn av velhalde kulturlandskap. Tilkomst frå Solendfjellet, Nøttveit, Morken og Li. Flott utsikt det meste av turen. Beiteområde for sau og geit.	Nokre parkeringsplassar på Solendfjellet og Morken. Skilt. Gapahukar på Nøttveitveten og Morkefjellet. Turpostkassar på Nøttveitveten og Morkefjellet.	Utsiktsrydding på Nøttveitveten. Utbetring av sti mellom Solend og Solendfjellet bør vurderast. Skilt til tuområdet frå Manger sentrum. Fleire skilt om beitedyr. Avklaring av trasé vidare til Kartveit/Kolstad.	Skriftleg avtale med dei fleste grunneigarane.	Ingen. Manger IL har sett opp skilta.
Urlekleiva (259)	Alternativ trasé mellom Kyrhovden og stien til Skageneset. Undergang under vegen. Storfe på beite delar av året.	Gjerdeklyv	Rydding Skilting Steinar på våte område	Munnleg avtale om eksisterande tilrettelegging.	Ingen

Austmarka (Sæbø skule)

Austmarka er ein tettstad på austsida av Radøy med bustadfelt på begge sider av FV. 565. I Austmarka er det barneskule, barnehage, fotballbane og eit lite butikksenter.

Det går ein grusveg for gåande og syklende mellom Austmarka og Sæbø, og denne er mykje nytta av turgåarar. Med utgangspunkt i denne grusvegen går det stiar nordover mot Staurevarden og Solheimsåsen og ein annan sti sørover mot Tjorehagen, Åsen (Storheim) og Storheimstemma. Herifrå kan ein gå vidare inn i det store turområdet der ein finn mellom anna Grønfjellet og Peprane. I tilknytning til Austmarka ligg også friluftsområdet og badeplassen Solheimsvika, som ein når ved å følgja ein bratt grusveg ned til sjøen.

Dei fleste stiane er i god stand, men manglar stort sett skilting, merking og treng ein del tilrettelegging.

Sjå kart 4.

Rutenamn/ gradering	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Austmarka-Solheim (275)	Gangveg frå Austmarka til Solheim.	Grusveg Benkar Lys	Skilting Fleire/nye benkar	Ja	Alver kommune
Staurevarden og Solheimsåsen (030)	Eit nettverk av turstiar i flott kulturlandskap. Sauer på beite store delar av området. Storfe på beite delar av året kring Solheimsåsen.	Parkering i Austmarka og på Solheim. Gjerdeklyv Informasjonstavle r Benkar	Skilting Merking Skilt om beitedyr. Klopper på våte område. Skulen ynskjer gapahuk i området.	Nei	Privatpersonar har gjort vedlikehald ved behov.
Austmarka- Storheimstemma (033, 034)	Skogssti frå Austmarka til Storheimstemma, med avstikkar til Tjorehagen. Vert gjerne kombinert med turen vidare sørover frå Storheimstemma mot Grønfjellet og Peprane.	Parkering i Austmarka. Delvis merka. Klopper.	Fleire klopper på våte område. Skilting og betre merking.	Skriftleg avtale med nokre av grunneigarane.	Privatpersonar har gjort vedlikehald ved behov.
Solheimsvika (029)	Grusveg ned til friluftsområdet i Solheimsvika.	Parkering. Grusveg. Toalett.	Ingen	Ja	BOF

Alversund

Alversund er ein av dei største og tettast folkesette grunnskulekretsane i Alver kommune. Alversund skule ligg på Alver, ein liten gåtur frå dei store bustadfelta på Alverflaten/Alvermarka og frå bustadfeltet på Hilland på Radøy. I Alvermarka ligg også Nordhordland kristne grunnskule og Trollskogen barnehage.

Det er fleire større næringsområde på begge sider av fv. 565 på Alverflaten. Næringsområda ligg på austsida av fv. 565 mellom bustadfelta på Alverflaten og det store friluftsområdet kring Tveitavarden.

Området kring Tveitavarden er det mest nytta turområdet med eit nettverk av stiar. Turane kan forlengast mot Stegane og Indregardsfjellet ved Knarvik, eller mot Vassberget og Kvamsfjellet og Erstadfjellet. Det går ein grusveg gjennom Alver næringsområde og opp til Tveitarimmane. Utanom dette er stiane er lite tilrettelagde og berre unntaksvis skilta og merka.

Det er lagt til rette for å kunne etablera ein samanhengande «kyststi» frå Knarvik til Alversund. Arealet er sett av i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019–2031.

Sjå kart 5.

Rutenamn/ gradering	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Alvermarka-Nedre Alver (063, 285)	Kort tur mellom Alvermarka og Nedre Alver.	Nokre klopper på våte område.	Skilting og merking.	Nei	Ingen
Alversund/ Alvermarka/ Ikenberget- Tveitavarden (058, 059, 060, 061, 062, 064, 065, 066, 067, 068, 069, 070, 071)	Nettverk av stiar mot Tveitavarden på austsida av fv. 565. Det er grusveg frå Alver industriområdet til Tveitarimmane. Elles er det stiar.	Nokre klopper på våte område Turpostkasse på Tveitavarden. Parkering ved Alversund skule	Merking. Skilting. Klopper på våte område. Gapahuk	Nei	Ingen
Hillandsvatnet rundt (271)	Tursti rundt Hillandsvatnet. Friluftsområde i nordenden av vatnet.	Nokre klopper på våte område. Badeplass med toalett i nordenden av vatnet.	Merking og skilting. Klopper på våte område. Turstien bør ikkje marknadsførast anna enn lokalt då den manglar parkering.	Nei. Kommunen eig friluftsområdet.	Ingen. BOF har ansvar for vedlikehald av friluftsområdet.

Seim

Seim er ein mindre tettstad med barneskule, daglegvarebutikk og fleire verksemdar. –Det er bustadfelt i Risåsen bak skulen, og på begge sider av Hoplandsvågen. Elles er det for det meste spreidd busetnad i skulekrinsen.

Husfjellet ser ut til å vera det mest nytta turmålet i området, og i tillegg er turen rundt Seimsvatnet ein del nytta. Mange legg nok også turen til Seimsvarden, Krossane og Gladihaug som er omtala under turar med regional verdi/potensiale. Friluftsområdet Fisketangen, med fine turstiar og badeplass, ligg sentralt i bygda.

Sjå kart 6.

Rutenamn/ gradering	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Husfjellet (072, 074, 136)	Turen startar ved skogsveg på Totland, og følgjer denne nesten heilt til toppen av Husfjellet. Det er også mogleg å følgja sti frå Hopland. Flott utsikt frå toppen av Husfjellet.	Platting på toppen. Turpostkasse. Skogsveg frå Totland og nesten til toppen av Husfjellet.	Skilting og merking. Parkering.	Nei	Ingen
Seimsvatnet rundt (077)	Sti på austsida av Seimsvatnet. Om ein gjer turen til rundtur, går store delar av turen på asfaltveg.	Ingen	Skilting	Nei	Ingen
Fisketangen (076, 137, 350)	Turveg og stiar gjennom det Statleg sikra friluftsområdet Fisketangen. Sti vidare på austsida av neset til Hoplandsvågen.	Parkering Gapahuk Toalett Badeplass	Skilting Merking	Alver kommune eig det meste av området. Manglar avtale for sti utanfor kommunen sin eigedom.	BOF har vedlikehaldsansvar for friluftsområdet, som kommunen eig.

Lindås

Lindås er ein større tettstad og lokalsenter i nordlege del av kommunen. Her er barneskule, ungdomsskule, fleire barnehagar, butikkar og fleire kommunale tenester. Det er fleire bustadfelt på Lindås som ligg spreidd over eit større område på begge sider av FV57.

Det viktigaste turområdet på Lindås er området Vardefjellet-Steinfjellet-Kolåsfjellet som er svært godt tilrettelagt. Postvegen mellom Lindås og Haukås ser også ut til å vera ein del nytta. Mange går også på tur til Lyngfjellet og Haukåsskolten, gjerne i kombinasjon med postvegen.

Sjå kart 7.

Rutenamn/ gradering	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Vardefjellet-Steinfjellet-Kolåsfjellet (014, 035, 042, 135, 302, 303, 345, 346, 347)	Turen startar ved parkeringsplass på Kolås og går på asfaltert og deretter grusa veg til Vardefjellet og eit stykke mot Kolåsfjellet. Oppe på fjellet er det ein rundtur med fleire flotte utsiktspunkt og svært godt tilrettelagde stiar. Det er tilkomst også frå Fanebust og Sundsbø.	Parkering på Kolås. Grusveg delar av turen. Klopper og steinar på våte parti. Gapahuk. Dagsturhytte på Vardefjellet. Turbøker. Benkar. Personteljar på veg til dagsturhytta.	Skilting av rundtur. Informasjonstavle. Betre tilrettelegging av sti til Sundsbø og Fanebust. Avklaring av plassering av sti frå Vardefjellet og vestover. Klopper og steinar på våte parti. Ynskje om parkering på Sundsbø.	Skriftleg avtale med dei fleste grunneigarane.	Lindås turlag
Postvegen frå Lindås til Haukås (022, 023)	Turen følger den gamle postvegen frå slutten av 1700-talet. Turen vert gjerne kombinert med tur til Haukåsskolten og Lyngfjellet.	Parkering t.d. ved Lindåshallen	Skilting.	Ja	Ingen
Lyngfjellet-Haukåsskolten (263, 352)	Turen går delvis på grusveg og delvis på sti. Fin utsikt frå Haukåsskolten og Lyngfjellet. Storfe på beite delar av året.	Skilting. Turbok på Haukåsskolten.	Klopper og steinar på våte parti. Bør ikkje marknadsførast anna enn lokalt då parkering manglar.	Nei	Lindås turlag



Myking

Myking er ein liten tettstad på austsida av Lindåshalvøya. På Myking er det barneskule og butikk. Næraste barnehage er på Natås, 6 km frå Myking.

Det ser særleg ut til å vera stiane i Mykingskogen som er mest nytta, i tillegg til turen til Hodnekletten som startar kring 1,3 kilometer frå Myking.

Sjå kart 8.

Rutenamn/ gradering	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Mykingskogen (188, 189, 331, 332)	Rundtur gjennom Mykingskogen. Fleire alternative stiar. Tilkomst mellom anna frå Myking, Mykinghaugene, ballbingen, Hodnekvam og Sletten.	Hovudrunden (188, 189) er skilta og merka, men ikkje etter nasjonal standard. Benk ved Stokkhølen. Benk og turpostkasse ved Lauvålskaret. Bru over elv.	Skilting. Merking. Klopper på våte parti. Trappene på 331 er i svært dårleg stand og bør ikkje marknadsførast.	Nei	Myking grendalag har gjort ein del tilrettelegging.
Hodnekletten (080, 184, 185)	Sti til Hodnekletten (219 moh). Stistart ved Hodno 68, Hodno eller Hodnekvam. Kan kombinerast med tur rundt Austavatnet eller Mykingskogen. Stien som startar ved Hodno 68 er lite nytta og overgrodd.	Delvis merka, men ikkje etter nasjonal standard. Turpostkasse på Hodnekletten.	Skilting Merking Stien som startar ved Hodno 68 er svært tilgrodd. Klopper på våte parti. Turen frå Hodno bør ikkje marknadsførast anna en lokalt då det manglar parkeringsplass.	Nei	Nei
Gamlevegen Myking-Skauge (082, 190, 191)	Traseen følgjer gamlevegen frå Myking til Skauge. Fleire tilførselsveggar/-stiar frå Myking, Sletten og Skauge.	Benk Turpostkasse Skilting	Utbetring av våte parti på gamlevegen og på stien gjennom Lauvålen.	Nei	Nei
Myking-Vedlo	Sti frå Myking til minnesteinen for Jo på Vedlo, som skal ha vore Karl XII sin banemann.	Ingen	Skilt. Klopper eller liknande kan vurderast, men terrenget er bratt. Omlegging av sti ved hytte.	Nei	Nei



Kløyheim

Kløyheim er ein liten tettstad med barneskule, barnehage og matbutikk. Folk bur stort sett spreidd, men det er nokre mindre bustadfelt i området kring Kløve.

Det er mange godt tilrettelagde stiar og turmål i området. Turen til Fløyen, over Fammestadåsen og den såkalla «Ullastien» som går frå Kløyheim forbi Stemma og til Nyheim er dei som er mest nytta. Det er skilta turar vidare i retning mot Selivarden og Baståsen for dei som ynskjer å gå lengre turar. Det er informasjonstavle mellom anna ved Trekanten aktivitetspark som viser alle tilrettelagde turstiar i området.

Sjå kart 9 og 10.

Rutenamn/ gradering	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Fløyen/Haugsåsen (194)	Rundtur med utgangspunkt ved Kløyheim skule. Utsiktspunkt på Fløyen.	Parkering ved Kløyheim skule. Merking. Skilting. Klopper. Benk på Fløyen. Turpostkasse på Fløyen.	Ingen	Kløyheim bygdelag har munnlege avtalar med grunneigarar.	Kløyheim bygdelag
Fammestadåsen (198, 320)	Sti frå Kløve via Fammestadåsen til Nyheim. Kan kombinerast med «Ullastien».	Parkering ved Kløyheim skule. Merking. Skilting. Klopper. Benk.	Ingen	Kløyheim bygdelag har munnlege avtalar med grunneigarar.	Kløyheim bygdelag
«Ullastien» (197, 288)	Tur frå Kløve via Stemma til Nyheim. Tilkomst også frå Olderhaugen via Skråfossen. Kan kombinerast med turen over Fammestadåsen eller ein kan gå vidare til Baståsen om ein ynskjer ein lengre tur.	Parkering ved Kløyheim skule. Merking. Skilting. Klopper/bruer. Benkar.	Ingen	Kløyheim bygdelag har munnlege avtalar med grunneigarar.	Kløyheim bygdelag
Kløyheim-Øvre Tveito-Dyråsen-Selivarden/Selifjellet (209, 314)	Tur frå Kløyheim via Øvre Tveito til Dyråsen. Turen kan forlengast ved å gå vidare mot Selivarden.	Parkering ved Kløyheim skule. Turpostkasse på Dyråsen. Merking. Skilting. Klopper.	Ingen	Kløyheim bygdelag har munnlege avtalar med grunneigarar.	Kløyheim bygdelag
Selivarden (195, 196, 318)	Kring 5 km lang tur frå Kløyheim skule til Selivarden (éin veg) med fleire alternative trasear. Undervegs kan ein ta avstikkarar til utsiktspunkta på Lialoftet og Reikeråsloftet. Turen frå Fjellsbø til Selivarden er tatt med under turar med regional verdi/potensiale.	Parkering ved Kløyheim skule. Merking Skilting Turpostkasse på Selivarden og Lialoftet.	Klopper på nokre våte parti.	Kløyheim bygdelag har munnlege avtalar med grunneigarar.	Kløyheim bygdelag
Baståsen (207, 208, 214, 317, 323)	Kring 3,5 kilometer lang tur (éin veg) frå Kløyheim til Baståsen. Alternativ trasé på vestsida av Oksavatnet. Avstikkarar til utsiktspunkt og den tidlegare husmannsplassen Dordiplass. Tilkomst også frå Svindal.	Parkering ved Kløyheim skule. Merking. Skilting. Turpostkasse på Baståsen og på eit utsiktspunkt undervegs. Fleire benkar langs stien. Enkel gapahuk på Baståsen.	Klopper på nokre våte parti.	Kløyheim bygdelag har munnlege avtalar med grunneigarar.	Kløyheim bygdelag

Ostereidet

Ostereidet er ein tettstad og lokalsenter i søraustre delen av kommunen. Her er barneskule, barnehage, butikkar og fleire kommunale tenester.

Turstiane kring Ostereidet er lite tilrettelagde. Den mest sentrumsnære turen, til Hovåsen, ser ut til å vera lite nytta og det som finst av tilrettelegging er slitt. Den mest nytta turen ser ut til å vera den som går til Eidaåsen og Totlandsfjellet. Elles går mange langs vegen til Bjørsvik og gjerne vidare opp mot Storset. Turen til Husdalsfjellet er mykje nytta, men denne ligg utanfor det området som er kartlagt her, men er tatt med under turar med regional verdi. Det går ein sti langs sjøen frå Ostereidet til Bjørsvik, men også denne ser ut til relativt lite nytta.

Sjå kart 11.

Rutenamn/ gradering	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Hovåsen, Eikhovden (086, 087, 088, 187, 223, 276, 277, 278)	Det går skogsveg frå vestsida av Ostereidet skule. Etterkvart går ein over på sti. Stien ser ut til å vera lite nytta, og det er svært høgt gras og ujamn sti mange stader. Frå Hovåsen går det sti vidare i søraustleg retning. Stien her ser ut til å vera meir nytta og i lettare å følgja.	Parkering ved Ostereidet skule Skulen har enkel gapahuk på Eikhovden	Skjøtsel Merking Skilting Klopper på våte parti	Nei	Ingen
Eidaåsen- Totlandsåsen (089, 199, 200)	Turområde vest for E39 med mot Eidaåsen og Totlandsfjellet. Stiar frå Ytre Eide, Askvik og Eknes. Det er også mogleg å gå frå Bjørndal, Vassel og Bjørge.	Noko merking. Undergang under E39 på Askvik. Turpostkasse	Merking Skilting Klopper på våte område	Nei	Ingen
Langs sjøen mellom Ostereidet og Bjørsvik (090, 296)	Stien går langs sjøen frå Ostereidet til Bjørsvik. Sti også frå bustadfeltet Dyrhovden.	Ingen	Merking Skilting	Nei	Ingen



Eikanger

Eikanger er ein liten tettstad som ligg ved Osterfjorden. Det er barnehage på Eikanger og fleire verksemdar. Det er nokre mindre bustadfelt mellom anna langs Eikangervågen, men elles er busetnaden i skulekrinsen spreidd.

Området mellom Eikanger og Baståsen ser ut til å vera det desidert mest brukte turområdet. Her er eit nettverk av stiar med ulik grad av tilrettelegging. Også turruta rundt Torrvatnet ser ut til å vera ein del nytta.

Sjå kart 10.

Rutenamn/ gradering	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Eikanger-Baståsen (091, 092, 093, 094, 097, 324, 325, 326)	Nettverk av stiar mellom Eikanger og Baståsen. Området er det mest nytta turområdet på Eikanger.	Ein del av stiane er skilta. Klopper. Enkel gapahuk på Baståsen. Turbok på Baståsen.	Klopper på våte område Benk t.d. ved Arivatnet. Skilt og informasjonstavle. Ynskje om oversiktstavle på Baståsen.	Delvis	Eikanger bygdelag utfører vedlikehald på stien.
Torrvatnet rundt (095)	Runde rundt Torrvatnet. Rundturen går delvis på sti og delvis på veg.	Skilting.	Klopper på våte parti	Munnleg avtale med fleire grunneigarar.	Privatpersonar utfører vedlikehald av stien.
Husmannsplassen i Vikja, Eidsnes (096, 174, 175, 176)	Rundtur om husmannsplassen i Vikja.	Gjerdeklyv Benk Klatrepark Gapahuk	Skilting Merking	Ja	Privatpersonar vedlikeheld stien.
Eikanger-Fylingsnes (328, 329)	Sti mellom nedre Eikanger og Våge karosseri og rundtur rundt Fylingsnestjørna. Området er relativt lite nytta som turområde.	Klopper	Skilting Merking	Nei	Privatpersonar har tilrettelagd stien med klopper.
Nedre Eikanger-Botnen (327)	Gamal ferdselsveg mellom Nedre Eikanger og Botnen. Kan gjerast til rundtur ved å gå på andre sida av Tungevadåsen attende.	Ingen	Skilting Merking	Nei	Nei

Leiknes

Leiknes er ein tettstad med skule og barnehage og fleire større bustadfelt.

I området mellom Leknes og Hillesvåg er det eit nettverk av turstiar, men med relativt liten grad av tilrettelegging. Mange stiar leiar også opp til Hodnesdalsvegen, og derifrå kan ein velja blant fleire stiar som går opp mot Hopsdal og Krossane. Turområde Hopsdal-Gladihaug-Krossane vert omtala under regionale turar.

Sjå kart 12.

Rutenamn/ gradering	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Leiknes-Myråsen-Midgardsåsen-Leiknes (201, 202)	Turen startar på Leiknes og går over Storåsen, og vidare i undergang under E39. Derifrå er dette ein rundtur over Myråsen og attende langs Lekneselva. Tilkomst til rundturen også frå Kleivdalsvegen.	Trapp/klopper Turpostkasse på Myråsen	Klopper på våte stader	Avtale med dei fleste grunneigarane.	Bygdelaget 5915 har ansvar for turpostkassen.
Storneset (269, 333)	Fleire stiar over Storneset. Mykje nytta av skulen og barnehagen. Fleire fine avstikkarar til utsiktspunkt og ned til sjøen.	Benk aust på Storneset. Klopp over elv.	Klopper over våte område. Benkar på utsiktspunkt.	Nei	Ingen
Leknes-Midtgard-Hopsdal (Hodnesdalsvegen) (205)	Det er fleire traséar frå Leknes til Midtgard, der nokre av dei går over dyrka mark. Fleire stiar/skogsveggar vidare mot Hopsdal og Krossane.	Ingen	Skilting og merking.	Nei	Ingen

Knarvik

Knarvik er kommunesenter og den største tettstaden i kommunen. Her er barneskule, ungdomsskule, vidaregåande skule og ei rekkje kommunale tenester. Knarvik senter ligg sentralt i Knarvik med fleire store bustadområde rundt.

I Knarvik ligg to turveggar – «Brekkeløypa» og turvegen rundt Kvassnesstemma – med høg grad av tilgjengelegheit.

Det store turområdet nord for Knarvik er svært mykje nytta. Her finn eit nettverk av stiar der mange fører anten til Gamleskulen eller Stegane. Det er mogleg å gå vidare til Isdal, Åse eller Gjervik. Frå Stegane er det også mogleg å følgja skilta tursti til Gladihaug og Krossane, men stien er lite nytta og det er tett vegetasjon langs stien delar av stien. Dei fleste som går frå Knarvik mot dette området følgjer gamlevegen inn til Mundalstunellen og går derifrå til Gladihaug.

Det er planar om å byggja ein samanhengande kyststi frå Knarvik til Alversund. Arealet er sett av i kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019–2031.

Sjå kart 5.

Rutenamn/ gradering	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Brekkeløypa (138, 139)	Rundtur rundt Lonene. Grusveg heile vegen. Bortsett frå eit par punkt er vegen innanfor krava til tilrettelegging for rullestol. Svært høg bruksfrekvens.	Grusveg Parkering Benkar	Utbetring av punkt for å gjera at turen er innanfor krava til tilrettelegging for rullestol, jf. Bergen og Hordaland turlag si kartlegging av universell utforming i friluftslivsområde. Ved stor utbygging i Knarvik bør utviding av Brekkeløypa vurderast.	Ja	Brekkeløypas venner
Kvassnesstemma (053, 281, 282)	Rundtur på grusveg rundt Kvassnesstemma.	Grusveg	Skilting Tiltak for å gje turvegen høgare grad av tilgjengelegheit, jf. Bergen og Hordaland turlag si kartlegging av universell utforming i friluftslivsområde..	Ja	Alver kommune
Lonena, Gamleskulen, Indregårdsfjellet, Stegane, Isdal (140, 141, 142, 143, 144, 145, 146, 147, 148, 149, 152, 280, 321, 322)	Nettverk av turstiar mellom Knarvik, Isdal, Åse og Gjervik.	Skilta Klopper på våte parti	Merking. Sherpatrapp opp Viddalsskaret bør vurderast. Ein eller fleire stiar mot Åse og Isdal bør koplast betre saman med resten av turstiane i området. Gapahuk. Bør vurderast å byggja fleire for å kunna ta i mot fleire skuleklassar eller barnehagar samstundes.	Munnlege avtalar mellom grunneigarar og Knarvik IL.	Knarvik IL har tilrettelagd stiane.

Moldekleiv (Grasdal skule)

Området Grasdal/Moldekleiv er ein tettstad på austsida av Holsnøy. Her er det barneskule og barnehage, men ikkje nokon butikkar eller kommunale tenester.

Det viktigaste turmålet er stiane mot Moldkleivfjellet, Krossfjellet og Nordnipa. Turen frå Sagstad til Krossfjellet, altså frå andre sida av fjellet, er tatt med blant regionalt viktige turar. Elles er turen mellom Skarpeneset og Fureskjegget ein del nytta.

Skulen ynskjer at det vert etablert sti rundt Grasdalstjørna.

Sjå kart 13.

Rutenamn/ gradering	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Krossfjellet, Nordnipa/ Sørnipa og Meland (111, 112, 113, 279)	Nettverk av stiar vest for Moldekleiv. Stiar til Nordnipa/Sørnipa og Krossfjellet. Sti også til Meland kyrkje.	Turpostkasse på Krossfjellet. Klopper på våte område.	Parkering (lagt inn i reguleringsplanen for fv245 Fosse-Moldekleiv). Klopper på våte parti. Skilting og merking.	Det er gjort munnlege avtalar med alle råka grunneigarar. Nokre skriftlege avtalar.	Ingen
Skarpeneset-Espetveit-Fureskjegget (114, 264, 337)	Sti frå Skarpeneset til Fureskjegget. Vert også nytta som tilkomst til hytteeigedomar.	Ingen	Treng klopper på våte parti. Skilting og merking.	Nei	Ingen
Drageneset-Grasdalsjøen (265)	Sti mellom bustadfeltet i Drageneset og Grasdalsjøen.	Ingen		Nei	Ingen



Frekhaug/Sagstad

Frekhaug var kommunesenter i tidlegare Meland kommune, og er utanom Knarvik den største tettstaden og lokalsenter i Alver kommune. Her er senter med fleire butikkar, offentlege kontor og kommunale tenester. Barneskulen ligg på Sagstad, om lag éin kilometer frå Frekhaug, medan ungdomsskulen ligg på Frekhaug. På Frekhaug ligg også den private skulen Danielsen ungdomsskule og Nordhordland folkehøgskule. Området Frekhaug/Sagstad vert her handsama under eitt.

Dei viktigaste større turområda kring Frekhaug er området kring Furefjellet, området mellom Rosslandsvegen og Sagstadvegen og området kring Storeknappen. Det er eit nettverk av stiar i desse områda, med varierende grad av tilrettelegging. Mange går også på tur til Krossfjellet, som ligg utanfor det området som vert undersøkt her, men som er handsama under regionale turmål.

Det har vore gjennomført skoghogst på Storeknappen som gjer at fleire av stiane er vekke, og på toppen gjer vegetasjon at utsikta er i ferd med å forsvinna. For Furefjellet og området kring er det reguleringsplan under utarbeiding, og turområdet vil truleg verta redusert i storleik. Varnappen og Elvavika/Haltejohansvika er viktige statleg sikra friluftsområde som er mykje nytta. Desse vert drifta av Bergen og omland friluftsråd.

Sjå kart 13.

Rutenamn/ gradering	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Elvavika-Haltejohansvika (129, 130)	Området Elvavika-Haltejohansvika er eit svært mykje nytta statleg sikra friluftsområde.	Grusveggar Gapahuk Bade plass Toalett	Parkering	Ja	BOF
Langs Mjåtveitelva (128, 131)	Sti langs Mjåtveitelva til Elvavika	Skilting Klopper	Ein del våte område.	Munnleg avtala med grunneigar.	Nordhordland folkehøgskule har utført ein del tilrettelegging i området.
Varnappen (218, 219)	Varnappen er eit svært viktig friluftsområde. Det går grusveggar gjennom området. Delar av området er statleg sikra.	Grusveggar Parkering Bade plass Frisbee-golfbane Toalett	Ingen	Delvis	BOF
Storeknappen (121, 122, 124, 125, 126, 127, 134)	Nettverk av turstiar som fører til utsiktspunktet Storeknappen. Grunna skoghogst kan fleire av stiane vera vanskeleg å følgja.	Benk på Litleknappen. Turpostkasse. Delvis merka.	Merking Skilting Utsiktsrydding	Det vart gjort munnlege avklaringar med grunneigarar i samband med tidlegare tilrettelegging.	Kvernbit orientering har gjort ein del tilretteleggingstiltak i området.
Mjåtveit (område mellom Rosslandsvegen og Sagstadvegen) (161, 162, 163, 210)	Nettverk av stiar og landbruksveggar i området mellom Rosslandsvegen og Sagstadvegen. Dyr på beite.	Parkering ved Fossemyra eller Frekhaug senter	Merking Skilting Skilting om dyr på beite	Nei	Ingen
Furefjellet (133)	Rundtur Mjåtveit- Furefjellet-Mjåtveitstø. Reguleringsplan for området under arbeid.	Skilting Turpostkasse	Merking	Munnleg avtale med grunneigar.	Ingen
Kyststien Galtaneset-Dalstø-Dalemarka (132, 220, 221, 222, 335)	«Kyststien» går frå Frekhaug til Holme (For Dalemarka-Holme, sjå under Holme (Vestbygd skule). Ein del strekningar er mykje nytta, andre langt mindre.	Skilting	Merking. Vedlikehald. Klopper på våte område.	Avtalar med ein del grunneigarar.	Ingen

Holme (Vestbygd skule)

Holme er ein relativt stor tettstad i Alver kommune. Tettstaden har barneskule og barnehage, og nokre få butikkar. Det er stort sett samanhengande busetnad frå Holmemarka til Orrhøyen på sørsida av fv. 564. Elles spreidd busetnad.

Dei viktigaste turmåla er Orrsåta, Hoplandsfjellet og Hjartåsfjellet frå Holme. Turane til Orrsåta og Hoplandsfjellet berre i liten grad tilrettelagde. Turen til Hjartåsfjellet frå Holme har lite tilrettelegging, medan stien frå Hjartåsfjellet mot Hjartås og mot Ramusfjellet er svært godt tilrettelagd.

Sjå kart 14.

Rutenamn/ gradering	Skildring/gradering	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Orrsåta (098)	Sti frå Holmemarka mot Orrsåta, som er eit fint utsiktspunkt. Stien går gjennom variert skogsterreng.	Skilting Turpostkasse	Merking. Fleire skilt. Klopper på våte område.	Munnleg avtale med fleire grunneigarar.	Ingen
Hoplandsfjellet (119, 154)	Rundtur til utsiktspunktet på Hoplandsfjellet. Mykje nytta av skulen og barnehagen. Delar av området er beite for storfe.	Benk på toppen	Skilting Merking Klopper på våte område	Ingen	Ingen
Holme-Hjartåsfjellet-Hjartås (099, 115, 116, 117, 118, 270, 286)	Turområde vest for Melandsvegen og nord for Rosslandsvegen. Stiane i området går over Slettåsen, Hjartåsfjellet og Ramusfjellet. Tilkomst frå Holme, Hjartås og Brakstad. På Hjartås er det laga ein runde frå Frank Mohn gjennom skogen til foten av Rasmusfjellet.	Skilting. Benk på Slettåsen. Elles lite tilrettelegging mellom Holme og Hjartåsfjellet. Turbok på Hjartåsfjellet. Området Hjartås-Hjartåsfjellet-Ramusfjellet er svært godt tilrettelagd med m.a. klopper, benkar.	Klopper på våte område. Gapahuk.	Hjertåsfjellets venner har skriftleg avtale med dei fleste grunneigarane. Munnleg avtale med éin.	Hjertåsfjellets venner tar ansvar for stiane frå Hjartås til Hjartåsfjellet.
Holmemarka-Holmeknappen (164)	Strekning av den såkalla Kyststien som går frå Holmeknappen til Frekhaug.	Skilting	Vedlikehald	Munnleg avtale med grunneigarar.	Ingen
Kyststien Holmemarka-Dalemarka (166 + 098)	Strekning av den såkalla Kyststien som går frå Holmeknappen til Frekhaug. Denne delen av kyststien ser ut til å vera lite nytta.	Skilting	Merking Klopper på våte område Skjøtsel	Munnleg avtale med grunneigarar.	Ingen

Vikebø (Rossland skule)

Vikebø er ein tettstad nord på Holsnøy, og nærsenter i Alver kommune. Det er fleire mindre bustadfelt i området, men elles spreidd busetnad.

Skintveitmarka, som er eit godt tilrettelagd turområde med eit nettverk av stiar, ser ut til å vera det viktigaste turområdet. Området kring Vikebø er også eit eldorado for padling med Rylandsvassdraget og sjøen tett på. Mange går også på tur til Eldsfjellet, som er omhandla under ferdselsårer med regional verdi.

Sjå kart 15.

Rutenamn/ gradering	Skildring	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Skintveitmarka (101, 102, 103, 104, 105, 106, 107, 108, 109)	Nettverk av turstiar i utmarka til Skintveit, Vikebø og Åsebø. Fin utsikt frå Skintveitåsen.	Skilting Klopper på våte område Benkar	Ingen	Ja	Ja
Eikelandsvatnet rundt (153)	Tursti rundt Eikelandsvatnet	Skilting	Etablera sti på sørsida av vatnet. Fleire skilt.	Munnleg avklaring med fleire grunneigarar.	Ja
Lunden (343, 344)	Markaveg og sti inn til det statleg sikra friluftsområdet Lunden.	Skilt inn til området, elles ingen.	Skilt Etablera sti til sjø Parkering Klopper eller liknande på våte område.	Friluftsområdet er statleg sikra.	Bergen og omland friluftsråd har ansvar for friluftområdet.

3.2 Ferdselsårer med regional verdi/potensiale

Turstiane og turvegane som er lista opp nedanfor ligg utanfor skulestadene og vert vurderte til å ha regional verdi eller potensiale. Regional verdi vert her definert som at eit klårt fleirtal av brukarane ikkje bur i lokalområdet, men har køyreavstand til startpunktet for turen. I tillegg er det eit kriterium at turstiane har hatt svært høg bruksfrekvens over fleire år, altså ikkje berre som eit resultat av plassering av stolpar i Stolpejakten eller liknande. Dei turane som er vurderte til å ha regional interesse har per i dag ikkje så høg bruksfrekvens, men er turar med svært store natur- og/eller kulturkvalitetar. Med betre tilrettelegging og marknadsføring har desse turane potensiale for å verta attraktive besøksmål både for tilreisande og våre egne innbyggjarar.



Rutenamn/ gradering	Kart	Skildring, attraksjonar og kvalitetar	Tilrettelegging	Behov for tiltak	Grunneigaravtalar	Vedlikehald
Marøy (010, 361)	1	Lett tur frå parkeringsplassen og ut til Knappen, der det er restar av eit tysk krigsfort frå andre verdskrig. Undervegs passerer ein også fleire gravhaugar. Flott kulturlandskap med aktiv beiting. Turen kan kombinerast med tur til Eldneset.	Parkeringsplass Gjerdeklyv	Informasjonstavle på parkeringsplass Skilting Informasjonsskilt om andre verdskrig i Knappen Digital formidling bør vurderast Skilting om dyr på beite.	Skriftleg avtale med dei fleste grunneigarane	Marøy grendalag har gjort ein del tilrettelegging i området. Alver kommune eig parkeringsplassen.
Byngja (037, 348, 349)	1	Statleg sikra friluftsområde med langgrunn badeplass og dagsturhytte. Området er kystlyngheier, og flotte svaberg mot Helleosen. Universell tilkomst til dagsturhytta er under arbeid.	Parkering Skilting Toalett Dagsturhytte Benk	Universell tilkomst Informasjonstavle Vurdera hengekøystativ Ei badstue kan løfta attraktiviteten til området endå meir.	Ja	Alver kommune vedlikeheld sti og dagsturhytte. BOF har ansvar for resten av friluftsområdet.
Steinalderstiane på Straume (167, 168)	1	Området kring Fosnstraumen er blant dei områda i landet med flest lokalitetar frå steinalderen. Det er to «steinalderstiar» på Radøy – éin på Rapeneset og éin til Ramsvikneset, Ilddalsneset og Kotedalen. Langs begge stiane er det sett opp skilt som fortel om steinalderen i området. Området er viktig også for fiskarar og fridykkarar.	Skilting Merking Informasjonsskilt Klopper Benk langs sti til Kotedalen «Steinalderbuplass» på Ramsvikneset.	Årleg vedlikehald og skjøtsel av stiane. Digital formidling bør vurderast. Tilrettelegging av sti vidare utover Rapeneset bør vurderast. Nytt telt på «steinalderbuplassen».	Ja	Alver kommune har sett opp skilta.
Kviste-Kvistefjellet (018)	4	Enkel fjelltur til den nest høgaste toppen på Radøy. Skilta og merka sti vidare til Sæbøvågen og Lundsåsen. Frå toppen er det panoramautsikt i alle retningar.	Merking Skilting Startpunkttafle Klopper Turpostkasse	Parkering. Skilting av sti til nabotoppen.	Ja	Privatpersonar har tilrettelagd stien mellom Kviste og Kvistefjellet.
Lygra (250, 251, 252, 253, 254)	2	Eit nettverk av turveggar og stiar gjennom lyngheiene nord på Lygra. Området er i dag den einaste staden i Europa med autentiske lyngheier drivne av lokale bønder, som òg er tilrettelagde for publikum. Høg grad av tilgjengelegheit. Det er ikkje tillate å sykla på desse vegane.	Turveg – delvis grusa. Informasjonsskilt. Turfaldar til låns. Benkar	Lyngheisenteret vurderer ulike formidlingstiltak.	Ja	Lyngheisenteret
Bøskeskogen på Vollom (283, 284,)	6	Bøskeskogen på Vollom er einaste naturlege bøskeskogen på Vestlandet, og den nordlegaste i verda i sitt slag. Stien går gjennom bøskeskogen, som er verna, og over på gamal markaveg. Turen kan forlengast ved å gå vidare på med turvegen langs elva på oppsida av fylkesvegen.	Parkering i Vallevika. Badeplass, toalett og fleirbruksareal i Vallevika.	Opprusting av sti gjennom Bøskeskogen i tråd med forvaltningsplanen.	Naturreservat med forvaltningsplan.	Statsforvaltar en har ansvar for verneområdet.
Postvegen mellom Trælevika og Vågseidet (078, 297, 298)	17	Turen går langs Den Trondhjemske postveg frå slutten av 1700-talet. Denne delen av postvegen er tatt med i Nasjonal verneplan for veger, bruer og vegrelaterte kulturminner.	Delvis skilta Parkering på Vågseide	Stien frå Trælevik til Nesfossen bør ryddast betre. Fleire skilt. Betre marknadsføring av postvegen som turveg.	Vegen ligg på umatrikulert grunn.	Ingen

Skausnøyna (236, 238)	17	Svært populær tur med flott utsikt frå toppen. Det er stiar til Skausnøyna frå Vågseide, Skodvin og Fjellsbø. Stiane frå Vågseide og Fjellsbø er tatt med her.	Klopper Turpostkasse Parkering på Fjellsbø. Det er mogleg å parkera også på Vågseide, men då må ein kryssa FV57.	Manglar skilting og merking. Ny parkering på Vågseide utan kryssing av FV57 (foreslått i utkast til reguleringsplan for FV57 Skodvin-Vågseide).	Munnlege avtalar med grunneigarar	Ingen. Lindås turlag har gjort ein del tilrettelegging i området.
Selifjellet (213)	17	Svært populær og flott tur til ein av dei høgaste toppane på Lindåshalvøya (395 moh). Vidstrakt utsikt frå toppen og fleire stader undervegs. Dei fleste går frå Fjellsbø, og det er den som er tatt med her. Det er stiar også frå Vik, Vefjell og Kløve. Stien frå Kløve er tatt med under Kløvheim.	Parkering på Fjellsbø Klopper Turpostkasse	Betre skilting frå Fjellsbø.	Munnlege avtalar med grunneigarar	Ingen
Velandsegga/ Djupedalseggjene (245)	18	Sti frå Rødland til Djupedalseggjene og Velandsegga. Flott utsikt på toppen og fleire stader undervegs. Det er stiar også frå Øvre Veland og Storset, men her er det vanskeleg å parkera utan avtale med grunneigarar.	Gjerdeklyv Turpostkasse	Parkering på Rødland. Stiane frå Øvre Veland og Storset bør ikkje marknadsførast då det berre er mogleg med parkering ved gardstun.	Nei	Ingen
Husdalsfjellet (248, 289)	11	Turen til Husdalsfjellet går på grusveg til det svært godt bevarte gardstunet på Husdal. Derifrå kan ein gå vidare opp dei gamle steintrappene mot utsiktspunktet på fjellet (623 moh) og vidare nedover i sørleg retning attende til Husdal. Frå utsiktspunktet kan ein gå vidare til toppen av Husdalsfjellet 734 moh. Her er det ikkje tydeleg sti.	Grusveg til Husdal	Parkering Skilting Restaurering av trapper	Nei	Ingen
Austlendingen (247)	18	Turen til Austlendingen er ein populær, men noko krevjande fjelltur til toppunktet 812 moh. Flott landskap med fossefall, fjellvidder og utsikt fleire stader undervegs og frå toppen. Stien ligg innanfor det området som er foreslått som nasjonalpark, og er difor lagt inn i oversikta med nasjonal verdi. Platået på toppen kan vera værhardt, og det ligg normalt snø her til eit godt stykke ut på våren.	Parkering Bru over Stegafossen Stien er varda	Skilting	Avtale med grunneigarar om bygging av bru over Stegafossen.	Ingen.
Fjelde og Kalvedalen (295, 353, 355, 356, 360)	19	Fjelde er ein veglaus fjellgard som har stått tom i mange tiår. Framleis står lemstova, som vert nytta til ferieopphald av tilsette i BKK, og løa på det eine bruket. Frå Store Urdal er det grusveg nokre kilometer, før ein kjem over på sti til Store Urdalssætra og deretter sti vidare til Fjelde. Det er mogleg å gå vidare til Kalvedalen, eller ned til Eikemo. Flott og nærast urørt landskap. Til Kalvedalen kan ein også gå frå Stusdal. Stiane som ligg innanfor området som er foreslått som nasjonalpark, er lagt inn med nasjonal verdi.	Bru over Eikefetelva Grusveg til Kleiva	Skilting Merking Ny bru over Eikefetelva Parkering Evt. avtale om bruk av skogsvegen frå Store Urdal til Kleiva Digital formidling kan vurderast.	Nei	Ingen

Eiterdalen (300)	20	Sti frå parkeringsplass ved Gamlesætra til den nedlagde fjellgarden Eiterdalen. Undervegs passerer ein badekulpen, som vart kåra til Noregs finaste badeplass av Reiseradioen sine lyttarar i år 2000. Storfe på beite på delar av strekningen.	Parkering Skilt ved badeplass, men lite synleg	Merking Skilting Skilt om beite Klopper på våte område	Nei	Ingen
Sørdalsnuten (290, 291, 351, 357, 358, 359)	20	Lang tur (kring 1 mil éin veg) til Alver sitt høgaste punkt 957 moh. Det er også mogleg å gå frå Vemundsbotnen i Masfjorden kommune. Då vert turen noko kortare og lettare. Ein kan også gå vidare mot Skavlabu. Det ligg normalt snø på Sørdalsnuten til ut på sommaren.	Parkering Skilting T-merka rute mot Skavlabu. Stien mot Sørdalsnuten tar av frå den t-merka ruta mot Skavlabu og over på varda sti mot Sørdalsnuten. Turpostkasse på toppen.	Fleire skilt. Informasjonstavle på parkeringsplassen .	Avtale med grunneigarar om plassering av skilt.	Nordhordland turlag
Krossane/ Gladihaug (151, 170, 171, 172, 173, 287, 338)	12	Svært populært turområde med tilkomst frå Hopsdal, Fureberg og Nepstad (Sjosida). Det er i tillegg sti frå Stegane ved Knarvik, men denne er lite nytta og ikkje med her. Dei fleste går frå Hopsdal, der det er stor parkeringsplass.	Parkering på Hopsdal og ved Fureberg tunnelen Nokre klopper på våte område Nokre skilt Turpostkasse	Parkeringsplassen på Hopsdal er full på fine vinterdagar då den vert brukt til parkering for skianlegget på Hopsdal. Meir skilting. Utbetring av stiar på våte område og der det er stor slitasje.	Nei	Ingen. Vedlikehald av stiane har blitt gjort av privatpersonar.
Håøy (178, 179)	5	Tur frå parkeringsplassen på Flatøy, gjennom Midtmarka til friluftsområdet på Håøy og Håøytoppen. Håøy vart tatt i bruk av forsvaet kring 1900, og det er ei rekkje kulturminne i området frå denne perioden. Kommandantbustaden er under restaurering med mål om at denne skal kunne brukast til utleige og dagsturhytte for brukarar av friluftsområdet. I Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra er det regulert gang- og sykkelsti og kyststi frå E39 til Håøya. Planen er ikkje vedteken.	Parkering Skilting Informasjonstavler Startpunkttafle Klopper Lyrikkløype Badeplass Kai Toalett	Ordinært vedlikehald. Rehabilitering av kommandantbustaden. Naturleikeplass vil gjera området meir attraktivt for dei minste. Turveg til området bør vurderast på sikt.	Munnlege avtalar med grunneigarar.	Flatøy bygdelag har skrive vedlikehalds avtale for stiane til Håøy. BOF har vedlikehalds ansvar for friluftsområdet på Håøy.
Krossfjellet frå Øvre Sagstad (180)	13	Turstien frå Øvre Sagstad (287 moh) er mykje nytta. Flott utsikt på toppen. Turen frå Moldekleiv til Krossfjellet er tatt med under Grasdal/Moldekleiv. Det er også mogleg å gå til Krossfjellet frå Bjørnstad/Meland kyrkje, Nedre Sagstad og Fosse.	Parkering Skilting Klopper/trapper Turpostkasse	Ordinært vedlikehald	Avtale med dei fleste grunneigarane	Meland sokneråd, Kvernbit orientering og UL solglytt mfl.
Brakstadjellet (183, 299)	14	Turen følgjer grusvegen frå Brakstad til toppen av skaret, og går derifrå over på sti til det nest høgaste fjellet på Holsnøy (317	Parkering Skilting Turpostkasse	Svært våt sti og stort behov for tilrettelegging.	Munnleg avtale med grunneigarar.	Nei

Gaustadfjellet (181)	4	Sti frå Gaustad til den tredje høgaste toppen på Holsnøy (317 moh). Flott utsikt i alle retningar. Kan kombinerast med tur til nabotoppene Øyjordsfjellet og Bårafjellet. Det er også mogleg å gå frå Refskar.	Delvis skilta Turpostkasse	Parkering Skilting Merking	Nei	Nei
Eldsfjellet (009, 100, 158, 159, 160, 192, 336)	16	Svært populært turområde med Varden (324 moh, dagsturhytta Eldsbu og Vetten (290 moh) som viktigaste turmål. Vanlegaste tilkomst er frå Rosslund, der det er parkeringsplass. Det er også mogleg å gå frå Skurtveit og Sætre.	Parkering på Rosslund. Skilting frå Rosslund til Varden og dagsturhytta. Turpostkasse på Varden og ved dagsturhytta. Dagsturhytte. Toalett ved dagsturhytta.	Sherpatrapp og utbetring av sti frå Rosslund til Varden. Skilting. Merking. Tilrettelegging for overnatting i hengekøye ved dagsturhytta. Parkeringsplassar på Skurtveit og Sætre.	Grunneigaravtalar frå Rosslund og i felleseiga kring Varden.	Nei. Privatpersonar har gjort arbeid på stien.



Badekulp i Eiterdalen. Foto: Alver kommune



4

**No-status
vs. resultatmål**



Kartlegginga av status på eksisterande sti- og løypenett har gjeve ei oversikt over tilstand og behov for kvar einskild ferdselsåre.

Ved å vurdere dette opp mot dei resultatmåla som er sett i kapittel 1.2, får me eit bilete av behov for tiltak innanfor kvart skuleområde og for kvar ferdselsåre med regional verdi/potensiale.

Denne oversikta gjev eit grunnlag for vurdering og prioritering av tiltak i kapittel 5.

Grøn: Oppfyller i svært stor grad resultatmåla i kapittel 1.2.

Gul: Oppfyller delvis resultatmåla i kapittel 1.3.

Raud: Oppfyller berre i liten grad resultatmåla i kapittel 1.3.

Grå: Ikkje aktuelt, jf. resultatmåla.



4.1 Ferdselsårer kring skulestader

Område	Minst ein tursti innanfor ein radius på 500 meter frå alle kommune-, lokal- og nærsenter og alle skulestader i kommunen.	Informasjonstavler som viser alle aktuelle ferdelsårer er sentralt plassert i alle senter eller ved grunnskulane.	Dei viktigaste ferdelsårene er skilta og merka etter nasjonal standard.	Dei viktigaste stiane kring skulestader har god tilrettelegging og jamleg vedlikehald.	Attraktive målpunkt som t.d. gapahukar, klatreløyper etc. i tilknytning til ferdelsårer på alle skulestader	Universelt utforma turveg i tilknytning til kommunesenteret og alle lokalsentra i kommunen.	Det er tilgjengelege og skilta parkeringsplassar for turgåarar i kommune-, lokal- og nærsenter, ved alle skulestader
Hordabø						(i Byngja ca. 2 km frå Bøvågen)	
Austebygd							
Manger						(Mangerløypa har nokre bratte parti)	
Austmarka/Sæbø							
Alversund							
Seim							
Lindås							
Myking							
Kløvheim							
Ostereidet							
Eikanger							
Leiknes							
Knarvik							
Grasdal/Moldekleiv							
Frekhaug/Sagstad							
Holme/Vestbygd							
Vikebø/Rosland							

Oversikt over status for ferdelsårer i dei kartlagde skuleområda. For meir informasjon, sjå kapittel 3.1.



Dagsturhytta Vardebu på Vardefjellet. Foto: Alver kommune

4.2 Ferdselsårer med regional verdi/potensiale

Område	Tilgjengelege og skilta parkeringsplassar for turgåarar i ved startpunktet for regionalt viktige turområde	Informasjonstavler ved startpunktet for regionalt viktige ferdselsårer	Dei viktigaste ferdselsårene er skilta og merka etter nasjonal standard	Ferdselsårene har god tilrettelegging og jamleg vedlikehald	Ferdselsårene er marknadsført på ut.no og andre turportalar	Attraktive og vedlikehaldne målpunkt.
Marøy						
Byngja						
Steinalderstiane på Straume						
Kviste-Kvistefjellet						
Lygra						
Bøkeskogen på Vollom						
Postvegen Trælevika-Vågseidet						
Skausnøya						
Selivarden						
Velandsegga/Djupedalseggjene						
Husdalsfjellet						
Austlendingen						
Fjelde						
Eiterdalen						
Sørdalsnuten						
Krossane/Gladihaug						
Håøy						
Krossfjellet frå Øvre Sagstad						
Brakstadfjellet						
Gaustadfjellet						
Eldsfjellet						

Ferdselsårer med regional verdi eller potensiale. For meir informasjon, sjå kapittel 3.2.



5

Tiltaksplan



5.1 Korleis skal planen følgjast opp?

Avdeling for kulturutvikling, idrett og frivilligheit har hovudansvaret for at tiltaka i planen vert gjennomførte. Når det gjeld fysiske tiltak på ulike ferdselsårer er det likevel berre der frivillige ynskjer å ta på seg arbeid med tilrettelegging av turstiar at tiltaka som er lista i kapittel 3 kan gjennomførast. Kommunen kan bidra med rådgjeving, koordinering, skiltbestillingar og ved å løyva tilskot til tiltaka. Kommunen vil også ta initiativ ovanfor lag og organisasjonar for å prøva å få sett i gang dei aktuelle tiltaka som er lista opp i kapittel 3.

Nokre av tilretteleggingstiltaka er av ein slik storleik eller type at det er naturleg at kommunen tar på seg ei rolle som tiltakshavar, eller bidrar med finansiering utover mindre tilskot. Dette gjeld også der kommunen er eigar av turvegar eller andre friluftslivsanlegg. Desse tiltaka er lista opp kapittel 5.3. For tiltak som er foreslått under 5.3 har det vore dialog med grunneigar eller tiltaka er vedtatt i tidlegare planar. Tiltaka i denne delen vil verta tatt med og prioriterte i samband med Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.

Berre der det ligg føre avtalar med grunneigarar kan tiltak på ein eigedom, utover det som er lov etter allemannsretten, gjennomførast. Sjølv om eit behov for utbetring er nemnd i denne planen, vil det berre verta utført dersom grunneigar samtykkjer eller dersom kommunen gjer vedtak etter § 35 i friluftslova.




5.2 Generelle tiltak

1. Oppdatert kunnskapsgrunnlag om friluftslivets ferdssårer i kommunen

Tiltak	Periode	Ansvar	Kostnad
Kartleggja og registrera turstiar og andre ferdssårer i resten av kommunen.	Kontinuerleg	Kultur	Vert gjennomført som del av ordinær drift – totalt kring tre månadsverk.
Legge inn dei viktigaste ferdssårene i arealdelen i kommuneplanen (KPA). Vurdere arealføremål «turdrag» eller «turveg»	I samband med KPA	Kultur, Plan og analyse, Arealforvaltning	Vert gjennomført som del av ordinær drift.
Utarbeide føresegner for KPA som sikrar tilrettelegging av nærturar i nye bu- og skuleområde.	I samband med KPA	Kultur, Plan og analyse, Arealforvaltning	Vert gjennomført som del av ordinær drift.
Oppdatera Statens kartverk sitt kartgrunnlag for tur- og friluftsruter (TFR) og melda inn nye ferdssårer som er skilta og merka.	Kontinuerleg	Kultur	Vert gjennomført som del av ordinær drift.
Utarbeida plan for friluftslivets ferdssårer til sjøs og på vatn	2022-2023	Kultur og næring	50 000 kroner. Det vert søkt tilskot får vestland fylkeskommune.

2. Betre tilrettelegging og meir bruk av nærturar

Tiltak	Periode	Ansvar	Kostnad
Ta initiativ til å få på plass avtalar med frivillige lag om vedlikehald av viktige ferdssårer der dette manglar.	Kontinuerleg	Kultur	Vert gjennomført som del av ordinær drift.
Vidareføra tilskotsordning for enkle tilretteleggingstiltak for turstiar i heile kommunen med løpande søknadsfrist.	Kvart år	Kultur	300 000 kr per år innanfor eksisterande ramme
Ta initiativ til og gje tilskot til tilrettelegging av ferdssårer i tråd med tiltakslista i kapittel 3.1 der ein får avtalar med grunneigarar og frivillige.	Kontinuerleg	Kultur. Gjennomføres t i samarbeid med frivillige.	Finansiering ved hjelp av midlar nemnd i førre punkt. Større tiltak må inn i kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv eller finansierast med eksterne midlar
Ta initiativ til og gje tilskot til skilting og merking av ferdssårer etter nasjonal standard der dette manglar.	Kontinuerleg	Kultur. Gjennomføres t i samarbeid med frivillige.	Kring 50 000 kr per år. Finansierte ved avsette fondsmidlar og evt. spelemidlar.
Skilting til turområde frå alle kommune-, lokal- og nærsenter og/eller skulestader.	2022-2023	Kultur i samarbeid med plan og analyse og lag og organisasjonar	Kring 50 000 kr per år. Finansierte ved avsette fondsmidlar og evt. spelemidlar.
Setja opp skilt om at parkeringsplassar ved skular kan brukast av turgåarar utanom skule- og sfo-tid	2024	Kultur, vegavdeling, oppvekst	Kring 75 000 kr.



3. Betre tilrettelegging av turstiar av regional verdi og interesse

Tiltak	Periode	Ansvar	Kostnad
Vidareutvikla dagsturhyttene som turmål.	2022-2026	Alver kommune	Kring 30 000 kr per år. Større einskildtiltak er tatt med i kap. 5.4.
Ta initiativ til og gje tilskot til tilrettelegging av ferdsselsårer i tråd med tiltakslista i kapittel 3.2 der ein får avtalar med grunneigarar og frivillige.	Kvart år	Alver kommune, lag og organisasjonar	Finansiering ved hjelp av midlar nemnd under 2. Større tiltak må inn i kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv eller finansierast med eksterne midlar
Setta opp skilting på regionalt viktige turstiar og setja opp turskilttavler ved inngangen til større turområde	2023-2024	Alver kommune i samarbeid med lag og organisasjonar	50 000 kr per år. Finansiert ved avsette fondsmidlar og evt. spelemidlar.
Tilrettelegging av kulturhistoriske turar. Vurdera å ta i bruk app til dette formålet.	2023-2026	Alver kommune i samarbeid med lag og organisasjonar	25 000 kroner per år

4. Betre marknadsføring av og kjennskap til friluftslivets ferdsselsårer i kommunen

Tiltak	Periode	Ansvar	Kostnad
Leggja ut fleire turar som er eigna til det på ut.no og vedlikehalda informasjonen der.	Kontinuerleg	Kultur i samarbeid med m.a. Bergen og Hordaland turlag.	Vert gjennomført som del av ordinær drift.
Utarbeida turkart for heile kommunen	2024	Kultur i samarbeid med Kart og oppmåling og frivillige lag og organisasjonar	Kring éin-to månadsverk eigeninnsats + kostnader til kart og trykking ca. 125 000 kr. Spelemidlar dekkjer 1/3 av kostnad.
Marknadsføra turstiar på kommunen sin nettside og i sosiale medium	Kontinuerleg	Kultur	Vert gjennomført som del av ordinær drift.
Vera med å markera «Friluftslivets uke»	Årleg	Kultur i samarbeid med lag og organisasjonar	15 000 kr per år
Vidareføra tilskotet til Stolpejakten	Årleg	Kultur	56 000 kr per år

5. Etablere nettverk og fast samarbeid mellom aktørar som arbeider med ferdsselsårer

Tiltak	Periode	Ansvar	Kostnad
Faste årlege møte mellom kommunen, turlaga og andre tilretteleggingsaktørar om ferdsselsårer for friluftslivet.	Årleg	Kultur	Vert gjennomført som del av ordinær drift.
Gjera friluftsliv til tema på tverrfaglege samlingar i kommunen, planteam og nettverksmøte	Kontinuerleg	Kultur, planavdelinga	Vert gjennomført som del av ordinær drift.
Distribuera informasjonsmateriell om rettar og pliktar knytt til ferdsel og tilrettelegging av ferdsselsårer. Informasjon skal distribuerast i fleire kanalar.	2023t	Kultur i samarbeid med lag og organisasjonar	Kring 30 000 kr. Finansiert med midlar til turstiar som er sette av på fond.

5.3 Større einskildtiltak

I tiltaka som er nemnde på konkrete eigedomar nedanfor har det vore dialog med grunneigar eller tiltaket er i samsvar med reguleringsplan eller tidlegare vedtekne planar.

Stad	Type tiltak	Ansvar	Kostnad	Prioritet
Byngja	Turveg til dagsturhytta. «Trepromenade» frå badeplassen til dagsturhytta er ferdig. Grusveg frå parkeringsplass til badeplass gjenstår.	Alver kommune	Totalt kring 2 530 000 kr	1
Marøy	Kulturminneskilt	Alver kommune	Kring 50 000 kr	2
Velandsegga/ Djupedalseggjene (Rødland)	Parkering (Tiltaket er avhengig av at Eikanger IL eller Stranda bygdelag får skøyte på eigedomen. Per i dag er det det nedlagde idrettslaget Hild som er registrert som eigar).	Eikanger IL med tilskot frå Alver kommune	Kring 50 000.	3
Byngja	Badstue ved dagsturhytta Sjøbua i Byngja. I samband med eit prosjektet som fylkeskommunen har tatt initiativ til.	Alver kommune	Må utgreiast i samband med KDP.	4
Eldsfjellet	Tilrettelegging med sherpatrapp frå Rossland	Alver kommune	Må utgreiast i samband med KDP.	5
Gaustadfjellet	Parkering	Alver kommune	Må utgreiast i samband med KDP	6
Fjelde	Tilrettelegging av ferdseisåre	Nordhordland turlag/ Alver kommune	Må utgreiast i samband med KDP	7
Moldekleiv	Parkering	Ikkje avklara	Må utgreiast i samband med KDP	8
Kvistefjellet (ved Kvistevegen)	Parkering	Alver kommune	Må utgreiast i samband med KDP	9
Skausnøya (Vågseidet/Våge)	Parkering	Ikkje avklara	Må utgreiast i samband med KDP	10
Frekhaug	Universelt utforma turveg	Alver kommune	Må utgreiast i samband med KDP	11
Lindås	Universelt utforma turveg	Alver kommune	Må utgreiast i samband med KDP	
Ostereidet	Universelt utforma turveg	Alver kommune	Må utgreiast i samband med KDP	
Knarvik-Alversund	«Kyststi»	Alver kommune	Må utgreiast i samband med KDP	





ALVER
KOMMUNE

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no